

ÅRSRAPPORT 2018

— Mangfold, motivasjon og meistring —



Foto: Steinar B.



STYRET SI SAMANSETTING

Styret har i 2018 hatt 7 medlemmer:

Elsbeth Sande Tronstad, Styreleiar
Børre Jacobsen, Nestleiar
Bjørn Lied Tønnesen, Styremedlem
Aud Viken, Styremedlem
May Aasebø Hauken, Styremedlem
Aage Ness, Styremedlem (repr. for tilsette)
Henning Mjanger, Styremedlem (repr. for tilsette)

Vara:

- Jofred Åsnes
- Jøril Hovland

BRUKARUTVALET

Brukarutvalet har i 2018 hatt fire medlem.

- Ivar Halland, leiar
Hørselshemmedes Landsforbund, Sogn og Fjordane
- Øystein Ryningen
Norsk Revmatikerforbund Sogn og Fjordane
- Kari Ann Holme
MS Forbundet, Sogn og Fjordane
- Turid Berge Vereide,
Brystkreftforeningen, Sogn og Fjordane

Vara:

- Synnøve S. Engen
Hørselshemmedes Landsforbund, Sogn og Fjordane
- Hjørdis Åsnes
Norsk Revmatikerforbund, Sogn og Fjordane
- Stein Magne Aksnes
Kreftforeningen, Hordaland

HELSING FRÅ STYRELEIAR



Styreleiar: Elsbeth Sande Tronstad

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter (RKHR) feiret 25 år i 2017. Det er en sprek 25-åring som fortsetter veien videre. Sommeren 2014 fikk vi en viktig avtale om levering av spesialiserte rehabiliteringstjenester med Helse Vest. Avtalen gjelder frem til utgangen av 2020, men med mulighet for forlengelse i to år. Hvilke pasientgrupper som skal prioriteres er bestemt i avtalen. Vi er opptatt av å levere et så godt tilbud på spesialisert rehabilitering som mulig.

I 2018 hadde senteret 1276 pasienter inne til behandling. Dette utgjør 25.165 pasientdøgn. De fleste pasientene er der for første gang, men noen har fått mulighet til å komme tilbake flere ganger.

Hver onsdag kommer det en ny gruppe med pasienter som går rett inn i et behandlingsopplegg rettet mot akkurat dem. Som ny styreleder har det vært interessant å se hvor smidig prosessen med å ta imot nye pasienter er. Det er et godt samarbeid mellom de ansatte på senteret. De 80 ansatte trives på jobb. Det vises i det lave sykefraværet vi har og i tilbakemeldingene vi får fra pasientene.

Høsten 2018 fikk vi tillatelse fra Helse Vest til å etablere tilbud til flere diagnosegrupper inkludert tilbud til barn. Å få inn barnegrupper krever et litt annet aktivitetstilbud enn til voksne.

Senteret ligger vakkert til helt nede ved Flekkefjorden i Fjaler kommune. Beliggenheten gjør at det er helt naturlig å se på bruken av havet i senterets aktivitetstilbud. I samarbeid med vår nabo, United World College og vår eier Sogn og Fjordane Røde Kors, er vi derfor i gang med å etablere et Nasjonalt Helsesportsenter for Sjøaktiviteter ved senteret. Aktivitetene vi legger opp til vil variere fra snorkling, via padling, roing og seiling til vannski for både de som står og for de som sitter. I tillegg til vanlige båtturer for å se på ørnene som holder til lenger ute i fjorden. Samarbeidet med Helse Vest er bra. Likeledes samarbeidet med sykehuset i Førde. Vi samarbeider også med andre rehabiliteringssentre rundt om i landet – særlig Valnesfjord- og Beitostølen Helsesportsenter, men vi har også styrket samarbeidet med Sunnaas sykehus. Gjennom dette samarbeidet utveksler vi erfaringer og lærer av hverandre.

Kompetansen som er bygget opp ved Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter gjennom mer enn 25 år vil samfunnet ha nytte av også i fremtiden. Vi ønsker å videreutvikle senteret og vi er klar for å ta på oss nye oppgaver.

Elsbeth Tronstad
Styreleiar

I ENDRING OG UTVIKLING



Administrerende direktør: Inger Johanne Osland

Vi har igjen lagt bak oss eit godt år på alle vis. Aktiviteten på senteret har vore stor og ein har hatt fokus på forbetring og utvikling i heile organisasjonen.

Ei viktig endring i 2018 var skifte av arbeidsgjevarorganisasjon. Skiftet innebar inngåing av nye avtalar med dei tilsette og vi er stolte av å kunne sei at vi har fått til eit løft både når det gjeld lønn og generelle arbeidsvilkår. Prosessen med inngåing av nye avtalar har vore eit viktig utviklingsarbeid for oss og ikkje minst har det styrka samarbeidet mellom dei tillitsvalte og leiinga. Vi har gode tillitsvalte som er interessert i å samarbeide og finne gode løysingar for oss som organisasjon. Det er viktig med tanke på at vi er i eit felt som er konkurranseutsett og der endringstakten er svært høg.

Endringar har vi og hatt i tilbudet til pasientane. Vi har avtale med Helse Vest om spesialiserte rehabiliteringstilbud til eit breitt spekter av diagnosegrupper og har no også fått høve til å etablere tilbud til to nye diagnosegrupper. I samarbeid med TRS kompetansesenter for sjeldne diagnoser ved Sunnaas sjukehus, har vi utarbeida behandlingsplan for pasientar med Osteogenesis Imperfecta og pasientar med Multiple Osteokondromer og Olliers sjukdom.

Tilsette ved TRS Sunnaas sine bidrag med kompetanseoverføring har vore svært verdifullt når vi skal i gang med nye tilbod. Mange tilsette har også deltatt på kurs og vidareutdanningar, noko som bidreg til ny og oppdatert kunnskap. Dette er kunnskap som vi tek med oss i arbeidet med etablering av nye tilbod og revisjon av behandlingstilboda til dei eksisterande pasientgruppene våre. I arbeidet med behandlingsplanar har vi også fokus på å sikre ei tverrfagleg, heilskapleg tilnærming i behandlinga med stor grad av pasientmedverknad.

Vårt ønske om å få etablert tilbud til barn blei ein realitet i 2018. Vi fekk då etablert gruppetilbod til barn som har fått behandling for kreft. Det viser seg å vere eit stort behov for dette og vi er glade for at vi også i 2019 vil kunne tilby gruppetilbod til desse pasientane. Etter kvart håpar vi å kunne tilby rehabilitering til barn med andre diagnoser.

Eit stort fokus i 2018 har vore å vidareutvikle aktivitetstilbodet på sjø, fjord og i fjæra. Støtta frå Stiftelsen Sophies Minde var viktig for å få heve kompetanse og også prøve ut nye aktivitetstilbud til pasientane. Sjøsportens dag som vart arrangert i august var eit av høgdepunkta. I samarbeid med andre kompetente miljø, kunne vi tilby eit stort spekter av aktivitetar for alle pasientane. Ikkje minst var det kjekt å kunne ha ein slik dag saman med studentane på UWC. Bukta på Haugland var fylt med spenning og glede frå tidleg på morgon til langt ut på ettermiddagen. Ein minnerik dag for alle som var med.

For å nå vår ambisjon om å vere eit nasjonalt ressurscenter for tilpassa aktivitet på sjø og fjord, krev det investering både i folk og infrastruktur. Vi bygger stein på stein og ser at vi får til meir for kvart år som går.

Vårt neste steg er å skaffe finansiering til sjøbod med garderobe og dusjfasilitetar. Dette vil ytterlegare auke kvaliteten i tilbod våre.

Inger Johanne Osland
Administrerende direktør

NASJONALT NETTVERK FOR UTEREHABILITERING

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter har fokus på bruk av natur og friluftsliv som ein viktig del av tilbodet ved senteret. Nærområdet vårt med fjord, fjell, skog og mark gjev oss store moglegheiter for å finne gode og varierte aktivitetar for alle. Mange av våre pasientar set stor pris å kunne nytte nærområdet i rehabiliteringa og vi ser eit behov for å kunne vidareutvikle dette tilbodet hjå oss.

Vi var difor svært positive då vi blei invitert til å delta i eit nasjonalt nettverk for uterehabilitering. Nettverket var eit initiativ frå Sørlandet Sykehus, Sørlandets Rehabiliteringssenter og Valnesfjord Helseportssenter som arrangerte den første nasjonale uterehabiliteringskonferansen våren 2016. Formålet er å auke kunnskap rundt uterehabilitering og dele erfaringar med andre som arbeider innan rehabiliteringsfeltet. Ein ynskjer å legge til rette for inspirasjon og gje praktiske kunnskap for gjennomføring av friluftslivsopplevingar i eit somatisk rehabiliteringsperspektiv. Arbeidet er i hovudsak retta mot helsepersonell innan den somatiske kommune- og spesialisthelsetenesta.

Som ein del av denne satsinga, vert det kvart andre år arrangert ein nasjonal konferanse innan uterehabilitering. I september 2018 var konferansen lagt til Valnesfjord Helseportssenter. Konferansen samla nærare 100 deltakarar frå heile landet. Konferansen ble innleia av overlege Eirik Fismen som har vært medisinsk ansvarleg hos oss i over 20

år. Fismen er spesialist i fysikalsk medisin og rehabilitering og har lang erfaring med å bruke friluftsliv i rehabiliteringa. Tittel på foredraget var: «Den kognitive diamanten i uterehabilitering». Gjennom foredraget reflekterte han rundt definisjonen av uterehabilitering: Er all aktivitet utandørs uterehabilitering? Kva er skiljet mellom å vere i fysisk aktivitet ute og ha rehabilitering i naturen?

Foredraget til Annette Bischoff skapte og rom for refleksjon. Temaet var «Uterehabilitering- hva er det? Det rehabiliterende i naturmøtet, relasjonene, aktiviteten og pedagogikken». Bischoff er forskar og instituttleiar ved Institutt for idretts- og friluftslivsfag ved Høgskolen i Sørøst-Norge.

Ho gjekk gjennom og beskrev dei ulike tilgangane ein har til naturen; kroppsleg, kunnskapsbasert, estetisk og kjenslemessig, og oppfordra til å velje aktivitetar som bringer ein nærare naturen og som bidreg til å styrke relasjonen og utløyse potensialet i møtet med naturen .

Konferansen gav også inspirerende brukarhistorier, nyttige eksempel frå praksisfeltet, orientering og omvising på uteområda til helseportssenteret, og tid til å prøve ulike aktivitetshjelpemiddel.

Neste uterehabiliteringskonferanse skal vere på Haugland våren 2020. Vi ser fram til å vere vertskap og er alt i gang med planlegging av konferansen.

FELLES SPRÅK OG FORSTÅING SOM VERKTØY I TILNÆRMINGA

Senteret har som mål å vere eit leiande senter for kunnskapsbasert rehabilitering og ha ei sentral rolle i utviklinga av rehabiliteringstilbodet i regionen. Vi deltek i ulike fagnettverk og vi har stort fokus på at tilsette opprettheld kompetanse og får vidareutvikle seg innan våre satsingsområder.

Senteret har sidan starten hatt ei ressursfokusert tilnærming, der pasientane sine ressursar er viktigare enn deira begrensingar. Vi legg stor vekt på mangfald, motivasjon og meistring når vi tilbyr ei tverrfagleg og heilskapleg rehabilitering for dei mange ulike diagnosegruppe vi har avtale om. Det er difor viktig for oss å kvalitetssikre at heile staben deler og er trygg på same tilnærming. Hausten 2018 har vi hatt ei undervisningsrekke med tema som er relevante for oss, som deltaking og motivasjon.

Vi starta i september med foredrag om ICF og rehabilitering ved Erik Bautz-Holter, professor emeritus, spesialist i fysikalsk medisin og rehabilitering. Bautz-Holter gav oss ei innføring i ICF som er ein internasjonal klassifikasjon av funksjon, funksjonshemming og helse laga av Verdens helseorganisasjon (WHO). ICF bygger på ei forståing av funksjon og funksjonshemming i ein biopsykososial modell der hensikta er blant anna å kunne beskrive konsekvensane av kronisk sjukdom og funksjonshemming med tanke på aktivitet

og deltaking. Dette passar godt i høve at rehabilitering skal vere ressursorientert, ha eit heilskapsperspektiv og bygge på pasienten sine egne mål.

Undervisningsrekke fortsette i oktober med Disability and equity ved Arne Henning Eide, Chief Scientist SINTEF og Professor ved Institutt for nevromedisin og bevegelsesvitenskap ved NTNU. Eide var opptatt av funksjonshemma personer og deira muligheit for deltaking, ikkje minst å sjå dette i eit internasjonalt perspektiv.

Til sist hadde vi i november eit foredrag Motivasjon til endring ved overlege Eirik Fismen, spesialist i fysikalsk medisin og rehabilitering. Fismen har gjennom lang erfaring som overlege ved senteret vårt, utarbeidd ein modell som han nyttar i tverrfaglege legetimer. Samtalemøtellen er nyttig for å raskt få eit bilde av pasienten sine ressursar samt pasienten sitt tidlegare liv og interesser, for på denne måten finne ut kva pasienten har som ønske å komme tilbake til. Samtalen er eit godt utgangspunkt for å gje pasienten motivasjon til å gjere endringar som er nødvendig for å nå målet. Den er også eit godt reiskap for det tverrfaglege teamet som saman skal bidra til å gje pasienten eit godt rehabiliteringstilbod.



Foto: David Zadig



KONTINUITET OG FORNYING



F.v. Sollaug Rennestraum, Adm.dir Inger Johanne Osland, Bjørg Norheim og Ingrid Hansen. Nina Røstenskar var ikkje til stades då bilete vart tatt.

Det har blitt ein flott tradisjon å samlast i Bekkerhuset når vi skal markere tilsette som har vore på senteret i mange år. Denne hausten var det fire tilsette som skulle markerast: Sollaug Rennestraum, Bjørg Norheim, Nina Røstenskar og Ingrid Hansen. Sollaug har vore tilsett hjå oss frå starten av

og valte i ein alder av 70 år å gå av med pensjon. Som kokk på senteret har Sollaug vore med på å utvikle kjøkkenet til den gode standarden det har i dag. Ho har vore ein viktig tradisjonsberar med sin kunnskap om lokale mattradisjonar, men også vore ein viktig bidragsyter med nytenking og utvikling. Vi er svært glade for at Sollaug stiller opp som vikar hjå oss også etter at ho har gått av pensjon.

Bjørg Norheim hadde sin siste arbeidsdag hjå oss like før jul. Då hadde ho vore tilsett i vel 24 år, fyrst som hjelpepleier og etter kvart som sjukepleiar. Bjørg har vore ein trufast og viktig medarbeidar som har tatt stort ansvar i jobben. I tida som leiar for sjukepleieavdelinga var ho med på å utvikle både avdelinga og senteret.

Nina Røstenskar og Ingrid Hansen vart markert for hhv. 25 og 20 års teneste på senteret. Dei er to av dei tilsette som representerer kontinuiteten på senteret. I tider der det er stadig krav om endringar og fornying, er det viktig å ha med tilsette med erfaring. Gode kollegaer som vi set pris på.

SJØSPORTENS DAG

På Haugland har vi lang tradisjon for å bruke fjord og sjøaktivitet i rehabiliteringstilbodet. Vi er heldige som har ein lun fjord like ved, der både nybegynnarar og meir erfarne kan få utfalde seg.

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter har dei siste åra hatt auka fokus på fjord-, sjø- og fjæreaktivitetar, mellom anna gjennom Delta 2022-prosjektet der vi samarbeidar med Beitostølen Helse- og idrettsenter, Valnesfjord Helse- og idrettsenter og Nasjonal kompetansetjeneste for barn og unge med funksjonsnedsettelse.

Prosjektet er støtta av Stiftelsen Sophies Minde, noko som har vore svært viktig for vår satsing på utvikling av tilpassa aktivitetar på sjøen.



For å lære meir om aktivitetsmoglegheiter knytt til fjorden, arrangerte vi Sjøsportens dag i august 2018. Her var pasientar og tilsette involvert, i både kjente og meir ukjente aktivitetar.

Det var turar i kano, i ulike kajakkar og turar i robåt med fisking. Her var og tilbod om SUP (stand up paddleboard), snorkling/ fridykking, polokajakk, og utprøving av ulike spesialbåtar (katamaran, trøbbåt og Hobie). Tilboda gav meistring og nye erfaringar til pasientar, og gav ny kunnskap til oss om moglegheitane ved fjorden og på fjorden, både over og under vatn.

På ein dag som dette ville vi også synleggjere kystkulturen i området. Dette fekk vi fram i form av seglturar med Bakkejekta, ein kopi av Noregs eldste bevarte båt, og ved tilbod om opplæring i m.a. knutar og stikk. Kjøkkenet serverte nydeleg sjømat og sette med det ein ekstra spiss på dagen.

Bjørnar Erikstad frå Norges Seilforbund og Kjell Jevnaker (brukarrepresentant) heldt inspirerende og motiverende innlegg for både pasientar og fagstab.

Sjøsportens dag vart arrangert i samarbeid med GøKajakk ved Øyvind J. Korsøen, og involverte også studentar ved UWC Røde Kors Nordisk.



Foto: Øyvind Korsøen

INTERNASJONALT ENGASJEMENT

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter sin nærmeste nabo er den internasjonale skulen UWC Røde Kors Nordisk (UWCRKN). Det er eit godt samarbeid mellom institusjonane, og eit konkret resultat av det er programmet Survivors of Conflict (SoC), eit samarbeidsprosjekt som også involverer Norges Røde Kors og Haugland Internasjonale forskning og utviklingssenter (HIFUS).

Kvar eining bidreg med spisskompetanse på sine felt; humanitært arbeid, utdanning, helsefremming og forskning. Prosjektet fokuserer på utdanning og rehabilitering for unge frå konfliktområder, med skadar frå mellom anna landminer, traumar, stigmatisering og flukt.

Deltakarane i prosjektet får undervisning på skulen og rehabilitering hjå oss. Vi har tilsett fysioterapeut som følger opp med nødvendige undersøkingar, behandling og tilpassa fysisk aktivitet. Deltakarane får prøve ut aktivitetshjelpemiddel, lære seg nye aktivitetar og ikkje minst lære å gå på ski. Eit høgdepunkt er å få delta på Ridderveka på Beitostølen. I 2018 var det to av deltakarane i prosjektet som deltok på Ridderveka. Begge var landmineofre frå Kambodsja, og hadde aldri prøvd ski før dei kom til Noreg. Likevel sank dei medaljar i både langrenn og skiskyting.

Gjennom dei åra vi har hatt prosjektet har vi erfart at det er vanskeleg å rekruttere deltakarar. Unge funksjonshemma i utviklingsland er ofte marginalisert og ikkje dei som blir prioritert til å få reise på skule i utlandet. Særleg ser vi at det er vanskeleg å få rekruttert kvinnelege deltakarar. I desember reiste difor utviklingsdirektør Arne Osland (UWC RKN) og fysioterapeut Guro Hjelle Aamot (RKHR) til

Kambodsja for å orientere om prosjektet og rekruttere nye deltakarar. I tillegg til å intervjuje aktuelle kandidatar, ville ein og undersøke moglegheit for å opprette eit NOREC samarbeid med aktuelle instansar innan utdanning og rehabilitering. Med på turen var to av deltakarane i prosjektet som er frå Kambodsja. Saman med dei fekk vi undersøkt kva moglegheiter som finst for elevar som skal tilbake til Kambodsja etter fullført utdanning ved UWC.

Turen i Kambodsja gav sterke inntrykk, m.a. ved besøk til landsbygda, der ein fekk sjå levekåra til born og unge. Kontrastane til livet på Haugland er store, og det vert desto meir meningsfullt å kunne dele av alt det vi har av moglegheiter og kompetanse. Det er ingen tvil om at SoC-programmet gir heilt nye framtidsmoglegheiter for dei unge som blir involvert. Det å gå vidare i livet med spesialisert rehabilitering og utdanning i bagasjen, gir ein heilt ny ståstad for dei det gjeld. Det er svært givande å sjå at miljøet på Haugland saman tek tak i utfordringar i verda, og sjå at det gir store og positive ringverknader.

RKHR har også vore involvert i prosjektet Kuma School, eit tilbod til fattige born på landsbygda i Kambodsja. Borna blir plukka opp av skulebuss som tek dei med til ein skule med gode fasilitetar, varme måltid og regelmessig helsesjekk. Skulen er avhengig av ekstern støtte for å halde oppe drifta, og dei tilsette ved RKHR valde i 2018 å sende julegåva si til Kuma School.



Foto: Kuma School

SOGN OG FJORDANE RØDE KORS SITT EIGARSKAP PÅ HAUGLAND

I 1980 arva Sogn og Fjordane Røde Kors (SFRK) delar av gardsnr. 41 på Haugland i Fjaler kommune etter sakfører Christian Bekker. Bekker skreiv i sitt testamente av 22. april 1976 at det han gav Sogn og Fjordane Røde Kors, skulle nyttast på beste måte 'til gagn for mer eller mindre hjelpsløse barn' og 'til oppmuntring, glede og inspirasjon for andre unge med trang og evne til senere selv at yde noget av verdi'.

I eit tillegg av 23. januar 1978 skreiv han at 'For at barn og unge mennesker skal kunne nyte godt av testamentet, er det ikke nødvendig at de er norske'.

I åra etter 1980 vart det lagt ned mykje frivillig arbeid og dugnadsinnsats for å rydde eigedomen. Det var mange gode tankar om kva Røde Kors skulle få til på Haugland, og Røde Kors sine sommarleiarar som blei etablert midt på 1980-talet, er framleis eit etterspurt tilbod. Då helsesportssenteret vart ein realitet på byrjinga av 1990-talet, var det mange i Røde Kors som nytta høvet til å teikne aksjar i senteret.

Sogn og Fjordane Røde Kors har formelt organisert sitt eigarskap og forvaltning av eigedomen på Haugland i to aksjeselskap og ein festeavtale. Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS er 100 % eigd av distriktsleddet. Eigedomsselskapet

forvaltar eigedomen på vegne av distriktet og eig 100 % av aksjane i Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS. Eigedomsselskapet har som formål å forvalte eigedomen på beste måte og legge tilhøva til rette for ei god utvikling for rehabiliteringssenteret.

Sogn og Fjordane Røde Kors var òg ein av stiftarane til Røde Kors Nordisk United World College og skulen sine bygg står på festa grunn på eigedomen til distriktsleddet. Samlokaliseringa mellom skulen og rehabiliteringssenteret legg til rette for eit tett samarbeid mellom institusjonane både i det daglege virke og i ulike utviklingsprosjekt. Studentane sine kulturbidrag på kveldstid er positive innslag for dei som er på rehabilitering. Her får ein møte ungdom frå heile verda, noko som kan gje nye perspektiv på livet.

Eigarmelding med tydelege føringar

Hausten 2018 utarbeida distriktstyret for Sogn og Fjordane Røde Kors ei eigarmelding som gjer klare føringar for vidare utvikling av området. I eigarmeldinga vert det understreka at forvaltninga av eigedomen på Haugland skal skje i samsvare med Christian Bekker sine premisser i testamentet. Det omfattar òg å ta på alvor og ta omsyn til formuleringar



Navn frå venstre: Lars Sagvold, Sogn og Fjordane Røde Kors (SFRK), Arne Osland, Røde Kors UWC Sønnøve Sande, distriktsleiar SFRK Tor Erlend Mehammer, SFRK Richard Lamont, Røde Kors UWC Kathini Cameron, Røde Kors UWC Dag Hovland, Dageleg leiar, SFRK



Foto: David Zaig

Bekker la inn i testamentet.

Rehabiliteringssenteret si satsing på å etablere rehabiliteringstilbod til barn, er såleis i tråd med formuleringane i Bekker sitt testamente og ei ynskt utvikling også frå distriktstyret. Også samarbeidet mellom rehabiliteringssenteret og skulen, ser eigaren positivt på. Prosjektet Survivor of Conflict, der ungdom skadd i konfliktområde rundt om i verda får høve til å kombinere rehabilitering og utdanning på Haugland, trekk dei fram som eit viktig prosjekt.

Distriktsstyret er og opptatt av å ivareta naturen på eigedomen. Nærleiken til fjorden, grøntområda og øyene gjer gode moglegheiter for friluftsliv og uterehabilitering. Vi er svært glade for at distriktstyret ser verdien av dette.

I eigarmeldinga si oppsummerar Sogn og Fjordane Røde Kors sitt engasjement for Haugland på følgjande vis:

Sogn og Fjordane Røde Kors

1. vil vere eigar av bygg og selskap som er etablert på eigedomen på Haugland, og vurderer det som uaktuelt å selje. Som eigar vil distriktsstyret legge til rette for ei framtidsretta og berekraftig utvikling i selskapa og på eigedomen. Omsynet til rehabiliteringssenteret si drift og langsiktige utvikling vil vere den primære styringsfaktoren i denne samanheng.

2. ynsker eit godt og langsiktig samarbeid med RKNUWC, som utdanningsstad for framtidige Røde Kors-ambassadørar, og som eigedomsfestar, og vil legge best mogeleg til rette for skulen si drift og utvikling innan rāmene av pkt. 1.

3. vil ikkje opne for at andre enn noverande selskap og stifting formelt etablerer seg på eigedomen. Det kan etter nærare avtale gjerast unntak for heileigde dotterselskap.

4. er opptatt av grønt- og friareala på eigedomen, vil at framtidige nybygg skal vurderast nøye, og ynsker ikkje at det skal leggst aktivt til rette for parkering på sjøsida av vegen.

5. vil at det framover vert lagt til rette for ei drift og utvikling som kjem barn og unge direkte eller indirekte til gode, jamfør Bekker sitt testamente: - 'til gagn for mer eller mindre hjelpsløse barn' og unge, og 'til oppmuntring, glede og inspirasjon for andre unge med trang og evne til senere selv å yde noget av verdi', og det er 'ikke nødvendig at de er norske'.

UTDANNINGSINSTITUSJON

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter er godkjent som utdanningsinstitusjon gr. II for legar i spesialisering innan fysikalsk medisin og rehabilitering. I 2018 har Malgorzata Tveit vore tilsett i utdanningsstillinga.

Vi har teke i mot tre turnuskandidatar i fysioterapi og over 20 praksisstudentar innan faggruppene fysioterapi, idrett og sjukepleie. Det har vore ei stor auke i sjukepleiestudentar. I tillegg har vi hatt tre praksiselever frå kokkeutdanning og helsefagutdanning.

Det er nyttig å ta imot studentar og sjå korleis praksisperioden tilfører dei ny kunnskap og erfaring og samstundes bidreg med ny kunnskap til oss. Vår erfaring er at studentane har god fagleg kompetanse, er engasjerte og villige til å lære. God dialog med både studentane og utdanningsinstitusjonar, er viktig for å vidareutvikle senteret som opplæring- og utdanningsinstitusjon.

Vi er glade for dei gode tilbakemeldingane vi får, og opplever at senteret har ei viktig rolle i å synleggjere kor variert og spennande rehabiliteringsfaget er.

I 2018 HAR VI HATT STUDENTAR FRÅ FØLGJANDE SKULAR:

- Høgskulen på Vestlandet, Campus Førde, avd. for sjukepleie
- Høgskulen på Vestlandet, Campus Bergen, avd. for fysioterapi
- Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal, avd. for idrett
- Norges Idrettshøgskule
- Dale vidaregåande skule, avd. for helsefag
- Måløy vidaregåande skule, avd. for restaurant og matfag

NETTVERKSARBEID

VI HAR I 2018 DELTATT I:

Vi har i 2018 deltatt i:

- Nasjonalt nettverk for arbeidsretta rehabilitering
- Referansegruppe for regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering
- Ressursnettverk for sjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling, Sogn og Fjordane
- Fagnettverk innan habilitering og rehabilitering i Sogn og Fjordane
- Programnemnd for regional forskingskonferanse
- Nasjonalt nettverk for uterehabilitering
- FoU-nettverk, Virke
- Nettverk for helsesportssentre

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter er medlem av kjernegruppa i nettverket innan arbeidsretta rehabilitering i spesialisthelsetenesta. Kjernenettverket si overordna oppgåve er i fellesskap å styrke fagfeltet arbeidsretta rehabilitering (ARR) blant anna gjennom fagutvikling, forskning og kompetansespreiing med tett forbindelse til øvrige arbeidsoppgåver som vort gjennomført i Nasjonalt kompetansesenter for arbeidsretta rehabilitering (NK-ARR). NK-ARR leiar samarbeidet, som i fellesskap definerer og avtalar samarbeidsprosjekt.

Som del av prosjektet Delta 2022 har vi i samarbeid med Valnesfjord helsesportssenter og Beitostølen helsesportssenter etablert eit klyngesamarbeid for helsesportssentre. Hovudfokuset i dette samarbeidet har vore å utvikle aktivitetmoglegheiter for personar med funksjonsnedsettingar.

Vi har hatt eit spesielt fokus på aktivitetshjelpemidlar både knytt til snø, sjø og barmark.


KOMPETANSEUTVIKLING

Senteret har som mål å levere samfunnsnyttige, kunnskapsbaserte rehabiliteringstenester av høg fagleg standard, og vere ein organisasjon der ein har fokus på læring og kontinuerleg forbetring, både på individ og systemnivå.

Tilsette ved senteret har i 2018 delteke på mange ulike kurs og konferansar. Det er ei god fordeling på faggrupper i høve kursdeltaking. Vi har prioritert kurs og konferansar innan nevrologi, helsesport, barn og unge, kreft, kognitiv terapi, muskel/skjelettproblematikk, rehabilitering og arbeidsretta rehabilitering.

Ni tilsette har teke vidareutdanning i kognitiv terapi og ein tilsett har teke vidareutdanning i helseinformatikk. Det er fast internundervisning for dei tilsette på helseavdelinga. Vi har samarbeid med Helse Førde om felles undervisning, og med Helse Bergen og St. Olav Hospital om undervisning for leger i spesialisering.

| | |
|---|------|
| ■ Kognitiv terapi | 5 % |
| ■ Barn og unge | 8 % |
| ■ Nevrologi | 8 % |
| ■ Kreft | 8 % |
| ■ Helsesport | 14 % |
| ■ Andre fagområder (ARR, rehab, samhandling, muskel, skjelett) | 27 % |
| ■ Anna | 30 % |



UTADRETTA AKTIVITET

Som ein del av vårt strategiske mål om å vere leiande innan rehabilitering på Vestlandet, har vi fokus på å drive utadretta aktivitet. Dette gjer vi i form av eksterne oppdrag (foredrag/undervisning), pluss at vi tar imot fagpersonar til hospitering. Ved eksterne oppdrag er det størst etterspurnad etter vår kompetanse innan kognitiv terapi.

Fagpersonar som kjem på hospitering kjem i hovudsak frå sjukehus eller kommunar. Det er flest fysioterapeutar frå kommunane, og flest sjukepleiarar frå sjukehusa. Vi så ei auke i tal hospiteringar i 2018, med flest førespurnader knytt til temaet brystkreft.

Det er fint å kunne formidle vidare den kompetanse og erfaring som er bygd opp ved senteret, og sjå at nye fagpersonar og pasientar får nytte av det.

DRIFSAVTALAR

Senteret har driftsavtale med Helse Vest RHF om levering av spesialiserte rehabiliteringstjenester.

Avtala omfattar totalt 21 212 døgn og 250 dager. Innenfor denne volumramma skal følgende pasientgrupper prioriterast:

- Pasientar med føljetilstander etter kreftsjukdom
- Pasientar med nevrologisk sjukdom
- Pasientar med muskel-/skjelett-, bindevev-, revmatiske- og smertelidingar
- Pasientar med tinnitus/ menières
- Pasientar med hjerneslag
- Pasientar med traumatisk hovudskade
- Pasientar med sjukleg overvekt

I tillegg har vi fått starte opp tilbod til to sjeldne diagnosegrupper, Osteogenesis Imperfecta (OI) og Multiple Osteokondromer/ Olliers sjukdom (MO).

Utvikling av tilbodet til desse diagnosegruppene blir gjort i samarbeid med Trenings- og rådgjevingssenteret på Sunnaas sjukehus. Desse tilboda skal gjennomførast innanfor hovudavtala og den ramma vi har med Helse Vest.

FRÅ RASKARE TILBAKE TIL ARBEIDSRETTA BEHANDLING


Raskare tilbake-prosjektet vart avslutta i 2017. Helse Vest RHF valte likevel å vidareføre vår aktivitetsbaserte avtale innan Raskare tilbake-ordninga som Arbeidsretta behandling.

Avtala er forlenga ut år 2020 og Helse Vest har opsjon fram til 2022.


Avtala omfattar totalt 4185 døgn og 1400 dagar.

DIAGNOSEFORDELING

| Fordeling av pasientar etter ytelse/ diagnose | Tal 2018 | Avtala m/ Helse Vest |
|--|----------|----------------------|
| ■ Kap XIX Skader- hjerneslader | 4,7 % | 4 % |
| ■ Kap II Svulster | 6,7 % | 11 % |
| ■ KAp IV Endokrine sykdommer, ernæringsykdommer og endokrine forstyrrelser | 10,3 % | 12 % |
| ■ Kap VI Sykdommer i nervesystemet | 12,9 % | 20 % |
| ■ KAP VIII Sykdommer i øret og ørebenskner | 1,3 % | 2,5 % |
| ■ Kap IX Hjerneslag | 3,8 % | 5 % |
| ■ Kap XIII Sykdommer i muskel og skjelettsystem og bindevev- kroniske muskel og bløtdels-smerter | 36,0 % | 28 % |
| ■ Fått ARR (ikkje kvalifisert under RT-avtale) | 6,4 % | |
| ■ Arbeidsretta behandling | 18,1 % | 16 % |



PASIENTSAMANSETTING



Når det gjeld fordeling på kommunar, var det flest pasientar frå:

Bergen: 32%


Flora: 5%

Askøy: 4%

Lindås: 4%

Totalt kom det pasientar frå 90 ulike kommunar, ei auke frå året før.

I 2018 var pasientane tilvist frå:



Det har i 2018 vore ei auke i søknadar frå sjukehus.




I avtala med Helse Vest har vi spesifisert tal opphaldsdøgn som skal vere reservert til pasientar med bistanndsbehov (3 800 døgn), og tal opphaldsdøgn som skal reserverast pasientar med større bistanndsbehov (1 512 døgn). Vi ser ei auke i søknadar frå pasientar med behov for bistand, og med behov for å ha med seg ledsagar.

BRUKAREVALUERING


